

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 07.03.2022
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Helse 2035 - status tiltaksplan og arbeid med oppdatert regional utviklingsplan**

ARKIVSAK: 2020/401
STYRESAK: **034/22**

STYREMØTE: **23.03. 2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF tek saka til orientering og ber om at ein oppdatert versjon av tiltaksplanen blir utarbeid etter at ny regional utviklingsplan er vedteke.

Oppsummering

Tiltaka i den regionale tiltaksplanen er ein sentral del av gjennomføringa av strategien, Helse2035. Denne saka gir ei statusoppdatering om framdrifta, og skildrar overordna korleis Helse Vest RHF skal arbeide vidare med tiltaka.

Sjølv om situasjonen rundt covid-19 har tatt mykje merksemd sidan mars 2020, har Helse Vest hatt aktivitetar og framdrift knytte til tiltaka. Nokre av tiltaka er ferdigstilte, men dei fleste pågår og er ein del av eit langsiktig utviklingsarbeid. Covid-19 har òg ført til at ein del aktivitetar blir framskunda og er enda meir aktuelle. Overordna kan vi seie at Helse2035 har bestått «covid-19-testen», ved å vise seg robust og aktuell i den spesielle situasjonen.

Arbeidet med ein oppdatert regional utviklingsplan er i gang. Styret ga sin tilslutning til planen for arbeidet og innretninga på arbeidet i styremøte 30. september 2021, sak 90/21. Den oppdaterte regionale planen vil leggje til grunn Helse2035-strategien, nasjonale føringar i Nasjonal helse- og sjukehusplan, oppdragsdokument og føretaksprotokollar, og innspela frå dei lokale utviklingsplanane som helseføretaka no vedtek. Helse Vest legg opp til at tiltaksplanen blir oppdatert etter at styret i Helse Vest har vedtatt (ny) Regional utviklingsplan for 2023-2038 i desember 2022.

Fakta

Styret i Helse Vest vedtok den regionale strategien, Helse2035, i mai 2017. I etterkant utarbeidde Helse Vest ein regional tiltaksplan, som styret vedtok i februar 2018. Tiltaksplanen gjekk inn som ein del av Regional utviklingsplan 2019–2035, og blei styrebehandla desember 2018.




Figur 1: Oversikt over strategiske dokument i Helse Vest

Kommentarar

Gjennomføringa av strategien skjer gjennom

- deltaking i nasjonale satsingar og fellesinvesteringar (til dømes nasjonale e-helseprosjekt)
- leveransar frå regionale program og prosjekt
- nye eller eksisterande lokal prosjekt og investeringar
- arbeid med tiltaksplanen (skildra i denne saka)



Figur 2: Tiltaksplanen byggjer på andre styringsdokument og satsingar

Tiltaksplanen skildrar sentrale regionale tiltak som skal bidra til gjennomføringa av strategien og som ikkje er dekte andre stader, til dømes i lokale planar og store regionale og nasjonale program og prosjekt. Tiltaka har ei overordna innretting, og byggjer opp om den lokale gjennomføringa av strategien. Regionalt samarbeid, felles system og utgreiingar er derfor prioriterte i tiltaksplanen. Tiltaka er formulerte med utgangspunkt i spørsmålet “Kva er det viktigaste og mest effektive til kan gjere på regionalt nivå for å nå måla våre?”.

Korleis det blir arbeidd med tiltaka

Eit lite sekretariat i Helse Vest RHF, under eigardirektøren, følgjer opp arbeidet med Helse2035-tiltaka. Ansvar for dei ulike tiltaka er fordelte på direktørnivå i Helse Vest RHF, og det er oppretta system og prosessar for arbeid med og rapportering på tiltaka. Det blir nytta ein felles mal for å planleggje og følgje opp tiltaka (sjå vedlegg 2). Arbeidet følgjer eit årshjul for rapportering av framdrift, og det er definerte roller i dette årshjulet. Figuren nedanfor skildrar dei ulike rollene.


Kven	Kva	Rolle og oppgåve	Verktøy
RHF-styret	Årleg statusrapport	Vedtek tiltaksplan og vesentlege endringer Set overordna retning Tek årleg rapport til orientering	Styresak Tiltaksplan Saksnotat Planverktøy
Direktørmøtet	Halvårleg statusrapport	Gjev innspel på status Tek statusrapport til orientering Informerer eige HF Sikrar samanheng med HFa sine aktivitetar	
RHF - leiarmøtet	Kvartalsvis statusrapport	Vurdere status og korrigerande tiltak Sikre samanhengar med andre aktivitetar, mellom anna regionale program Vedta mindre endringar Prioritere resursar og sikre oppslutning	
Statusmøte med tiltaksleiarar	Kvartalvis statusmøte	Gå gjennom status og vurdere innretning og framdrift Sikre samanhengar Vurderer behov for justeringar	
Tiltaksleiar	Eig tiltaket og er ansvarleg	Planleggje, gjennomfører og følgje opp tiltak Korrigere kurs Mobilisere resursar for gjennomføring Sjå samanhengar, sikre tilslutning, koordinere og kommunisere Rapportere status Gje innspel til strategi og til andre (til dømes til prosjekt og program)	

Figur

Figur 3: Roller i arbeidet med Helse2035-tiltaka

Om status for tiltaksplanen

Tiltaksplanen inneheld totalt 20 tiltak fordelt på dei fire strategiske hovudområda. Tiltaka er sett inn i ein overordna framdriftsplan for strategiperioden, med start i 2019. Framdriftsplanen synleggjer òg på fleire område korleis nye og tidsavgrensa tiltak heng saman med vedvarande og tilgrensande satsingar. Helse Vest har lagt opp til at gjennomføringa skal vere smidig og tilpassa den konkrete situasjonen. Den opphavlege planen er derfor justert undervegs. Figuren under viser overordna status.



Figur 4: Tiltak, tidslinje og overordna status. Oversikta blir justert etter at ny regional utviklingsplan er på plass.

Overordna status:

- Nokre av tiltaka utgjer ein del av ein vedvarande innsats for å utvikle tenestene i regionen i fellesskap, på ein meir metodisk og strukturert måte. Å nå måla vil derfor i fleire tilfelle handle om å skape ei positiv utvikling, heller enn å oppnå eit endeleg mål.
- Mykje av Helse Vest sin endringskapasitet er prioritert til dei store programma og investeringsområda. Mange tiltak blir derfor realiserte gjennom program og prosjekt og satsingar som til dømes Helsenorge-prosjekta og Vel møtt-prosjekta i Alle møter, nasjonal bemanningsmodell, program for pasienttryggleik, innovasjonsprosjekt og prosjekt i den regionale IKT-porteføljjen. På mange av desse områda har framdrifta vore god og i tråd med figuren ovanfor.
- Covid-19-pandemien har påverka arbeidet og endra gjennomføringskapasiteten og prioriteringane. Covid-19 har gjort at fleire av tiltaka er blitt meir aktualiserte. Til dømes gjelder det digitaliseringstiltak som er formålstenleg og nødvendig for å utvikle eit godt og berekraftig helsevesen, og har vore heilt nødvendig for å møte pandemiutfordringane. Heilskapleg koordinering av beredskapsaktørane og betre samarbeid rundt smittevern og antibiotikaresistens er andre døme på dette.
- Alle tiltaka har "tiltakseigarar". Mange har òg ein dedikert ansvarleg for oppfølging av tiltaket. Det siste gir auka gjennomføringskapasitet og forankring.
- Ein positiv effekt av arbeidet med tiltaka er auka samarbeid mellom avdelingar, fagområde og organisasjonar. Det blir oppfatta som positivt, lærerikt og nyttig.

For hovudområdet **Pasienten si helseteneste** har det mellom anna vore jobba med

- å utvikle og levere fleire digitale løysingar for samval
- betre planleggingsverktøy for elektive pasientar
- regionale rapportar for å synleggjere og redusere variasjon
- å gjere informasjon tilgjengeleg for pasienten
- å auke bruk av pasientkoordinatorar. Erfaringa frå bruken er god, og dette blir tatt med vidare til andre område.
- å utvikle verktøy for å understøtte trygg utskriving
- kjennskap til og kultur for rett prioritering, gjennom kommunikasjon og opplæring

Det regionale arbeidet med tiltaka må sjåast i samheng med det som skjer nasjonalt. Til dømes er Helse Vest tett på den nasjonale satsinga på samval, der verktøy no er utvikla for ei rekkje diagnosar (sjå [lenkje](#)). Helse Vest vil arbeide vidare med alle tiltaka fram mot revideringa av utviklingsplanen i desember 2022.

Satsingane på hovudområdet **Eitt helsevesen** har blant anna omfatta

- arbeid med ny innretting av avtaleverk i tråd med Helse2035, som har pågått over lengre tid. Implementeringa er mellom anna avhengig av avtaleperiodane. Avtaleverket blir gjennomgått for å styrkje kvalitetsaspekt og samarbeidet med aktuelle

helseføretak. Det er utvikla ein nasjonal rettleiar for korleis private kan bli involverte i plan- og utviklingsarbeid. Samarbeidet med dei private ideelle er systematisert, og det er på plass ein strukturert prosess rundt utforming av den årlege bestillinga.

- etablering av helsefellesskap. Samhandlingsarenaene mellom ulike aktørar i Helse Vest har vore utvikla vidare, og helseføretaka etablerer helsefellesskap i tråd med føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan.
- samarbeidet mot antibiotikaresistens som gir resultat i form av redusert bruk av antibiotika, men det er viktig at arbeidet held fram
- ansvar- og oppgåvefordelingsutgreiinga for Haraldsplass Diakonale Sykehus og Helse Bergen HF som er levert, og som blir følgt opp
- auka merksemd på beredskap. Sjølv om det pågåande pandemiutbrotet har ført til at noko av arbeidet er prioritert ned, er òg samhandlinga med kommunane, fylkeskommunane og nasjonalt helsenivå av naturlege årsaker prioritert opp, og er no meir omfattande enn før.

I kommande periode vil tiltak knytte til samhandling og beredskap få auka merksemd, regionalt som lokalt. Lokalt vil arbeidet i helsefellesskapa utviklast og arbeidet med ny helseberedskapsplan pågår i regionen.

Under hovudområdet **Utvikling av helsetenestene** har det vore gjennomført ei lang rekkje aktivitetar i regionen, og nye digitale tenester ser dagens lys.

- Prosjekt som Dips Arena, Alle møter og Digitalt mediearkiv legg til rette for å vidareutvikle mange delar av helsetenestene og samhandlinga.
- Innanfor radiologi og patologi ser vi på nye samarbeidsmoglegheiter når informasjonen blir digitalt tilgjengeleg i heile regionen.
- Ei anna satsing er å gjere fleire spesialisthelsetenester tilgjengelege utanfor sjukehusa. Eksempel på det er heimedialyse, oppfølging av diabetes heime og heimebaserte tenester til KOLS-pasientar. I tida framover skal Helse Vest få på plass ei felles, overordna innretning for dette feltet.
- Ei vurdering av korleis teknologisk samhandling med kommunehelsetenesta skal vere gjennomført, og legg føringar for det vidare arbeidet i Helse Vest (sjå [styresak 067/21 den 1.09.2021](#)). Helse Vest arbeidar vidare med området.
- Pandemien har òg vore ein faktor som har bidrege til å auke bruken av virtuelle tenester og digitale løysingar – i tråd med føringane i Helse2035.

Dette hovudområdet vil få stor merksemd i kommande periode. Satsinga på å gjere fleire spesialisthelsetenester tilgjengeleg utanfor sjukehusa vil fortsetje - ikkje minst digitale helsetenester. Målet er å tilby tenester meir ressurseffektivt, på ein måte og på eit tidspunkt som gir større helsegevinst. Samtidig skal utviklinga av regionale samarbeid for å redusere variasjon, samordna klinisk praksis og redusere eventuelt overforbruk av helsetenester, halde fram.

Merksemda på hovudområdet **Medarbeidaren, leing og organisasjon** har i perioden vore retta mot blant anna samarbeid og deling av kompetanse rundt covid-19, utdanning, endringar i kompetansebehov og faglege nettverk. Helse Vest RHF er styrkt med kompetanse innanfor både analyse, gevinstrealisering og økonomisk berekraft. I perioden er nytt rammeverk for verksemdsstyring vedtatt. Rammeverket tek inn over seg systematisk prosess- og kvalitetsforbetring.

I kommande periode vil innsatsen for å utvikle og behalde kompetanse auke. Det er i tråd med Helse Vest sine gjeldande prioriteringar. Helse Vest må òg ta stilling til korleis vi skal tilnærme oss arbeidet med prosessforbetring i eit regionalt perspektiv. Samtidig skal satsinga på økonomi og berekraftig utvikling fortsetje.

Vedlegg 1 inneheld overordna statusrapport pr. tiltak. I vedlegg 2 blir det vist korleis skjematikken for å planleggje og følge opp tiltak ser ut.

Status for arbeid med regional utviklingsplanen

Arbeidet med den nye regionale utviklingsplanen er i gang, parallelt med arbeidet med eksisterande tiltaksplan. Den nye planen skal leggjast fram for styrevedtak desember 2022. Det blir ein oppdatert versjon av dagens regionale utviklingsplan, og skal byggje vidare på Helse Vest sin overordna strategi, Helse2035. I styresak [090/21 Arbeidet med regional utviklingsplan i Helse Vest](#) blei det gjeve ei orientering om innretning, fokus, plan for og organisering av arbeidet. Det er mogleg å følge planarbeidet og kome med innspel ved å følge lenkja <https://www.nestegenerasjonplan.no/aktuelt>

Konklusjon

Administrerande direktør er nøgd med korleis Helse2035 strategien er følgd opp. Arbeidet med tiltaka vil fortsetje i 2022, parallelt med utarbeidinga av den nye regionale utviklingsplanen. Styringssignal og prioriteringar frå styret vil påvirke begge. Administrerande direktør tilrår at ein oppdatert tiltaksplan med utgangspunkt i den nye, regionale utviklingsplanen blir utarbeidd og lagt fram for styret i 2023.

Vedlegg 1 - Kort oppsummering pr. tiltak

Vedlegg 2 - Tiltaksmal Helse 2035